



# Norsk Folkemusikklag

## Referat frå ekstraordinært årsmøte, 31. mai 2018

Årsmøtet vart halde i Halvbroren ved Nasjonalbiblioteket, Oslo. Ni medlemmar møtte inkludert styret.

### Saksliste

#### 1. Val av møteleiar og referent

Bjørn Aksdal vart vald til møteleiar og Sveinung Søyland Moen til referent.

#### 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknadar.

#### 3. Arbeidsprogram for 2018–2019

Styreleiar, Bjørn Aksdal, la fram styret sitt forslag til arbeidsprogram 2018–2019. Deltakarane i årsmøtet kom med ulike innspel til vidare aktivitetar i laget, men det vart ikkje lagt fram endringsforslag til arbeidsprogrammet. Styret noterte seg difor innspela og arbeidsprogrammet vart vedtatt utan endringar.

#### 4. Budsjett for 2018

***Revidert budsjett etter avslaget om støtte til Musikk og tradisjon frå Stiftinga for folkemusikk og folkedans (Sff).***

Bjørn Aksdal la fram styret sitt forslag til driftsbudsjett for NFL 2018–2019 og budsjettet for Musikk og tradisjon 2018. Budsjetta var sendt ut på førehand, og Bjørn informerte om forslag frå styret om å gjera ei mindre rekneskapsteknisk endring i inntektsføringa i begge budsjetta. Budsjetta vart vedtatt med desse endringane.

Styret fekk vidare innspel om at det kan vera vanskeleg å forstå budsjettet og rekneskapen for Musikk og tradisjon slik desse vert ført i dag. Årsmøtet oppmoda difor styret om å prøva å finna ei enklare løysing for føringa av desse framover. Det er i dag Novus forlag som fører rekneskapen for Musikk og tradisjon, men styret i NFL vil ta det opp med Novus og prøva å finna ei enklare løysing.

#### 5. Framtida til Norsk folkemusikklag og skriftet Musikk og tradisjon

***Skal laget og skriftet leggjast ned frå 2019 etter at NFL har mista tidsskriftstøtta? Styret ønskjer synspunkt frå medlemmane.***

Bjørn Aksdal introduserte saka ved å informera litt om historikken og den økonomiske utviklinga i laget dei siste åra. Situasjonen er no slik at dersom laget ikkje får ekstern støtte til å gi ut skriftet i 2019, vil eigenkapitalen til laget vera brukt opp i

løpet av året. Det var ei klar og samla haldning frå årsmøtet at styret måtte gjera det dei kunne for å unngå at skriftet og laget vert lagt ned. Styret noterte seg fleire gode innspel frå årsmøtet som dei vil arbeida vidare med. Saka om framtida til laget og skriftet vil vera tema òg under årsmøtet våren 2019. Dersom styret finn ei løysing for økonomien til laget, vil målet vera å få Musikk og tradisjon inn att under støtteordninga til CERES (tidl. Forskningsrådet) frå 2021, slik at laget nok ein gong får ein trygg og føreseieleg økonomisk situasjon.

## 6. Val

Hans-Hinrich Thedens la fram innstillinga frå valkomiteen. Styret i Norsk folkemusikklag har etter årsmøtet følgjande samansetting:

Bjørn Aksdal – leiar (til 2019)  
Anne Svånaug Blengsdalen – styremedlem (til 2019)  
Sveinung Søyland Moen – styremedlem (til 2020)  
Per Åsmund Omholt – styremedlem (til 2019)  
Sigrid Randers-Pehrson – styremedlem (til 2020)

Anna Gjendem – varamedlem (til 2019)  
Leif Ingvar Ranøien – varamedlem (til 2019)

Valkomiteen har etter årsmøtet følgjande samansetting:

Ragnhild Furholt (til 2019)  
Hans-Hinrich Thedens (til 2020)

Revisor Siri Mæland vart attvald for eitt år.